



Inge Østergaard
Østliveien 32
1389 HEGGEDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8901 - 22/14250

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
18.02.2022

Klage på vedtak om avslag på innsyn grunna oversittet sakshandsamingsfrist tas til følge - gbn r1/403 Flatøy

Tiltak: Veg til tomt
Byggjestad: Gbnr: 1/403
Tiltakshavar: Henrik Brigtsen
Ansvarleg søkjar: Ingeniør Aarland AS

Saka gjeld klage av 15.01.2021 på oversitta frist for innsynførespurnad i sak 20/997. Førespurnad om innsyn frå klagar er av 29.09.2020 i sak 20/8901 – gbnr 1/403 Flatøy. Klagen er rettidig, jf. fvl. §30.

Klagar vart gjeve innsyn i samtlige etterspurde dokument i vedtak den 15.01.2021 i sak 20/997.

Alver kommune beklagar lang sakshandsamingstid av klagen, jf. offl. §32 tredje ledd første punktum.

Bakgrunn

Klagar har påklaga oversitta sakshandsamingstid for innsynførespurnad (prosessuelle forhold).

Førespurnad om innsyn er av 29.09.2020. Klagar vart gjeve innsyn i samtlige etterspurde dokument i vedtak av 15.01.2021. Dette er meir enn 5 dagar etter at innsynførespurnaden vart retta mot kommunen. Da kommunen gav svar på innsynførespurnad seinare enn fem arbeidsdagar, skal dette reknast som eit avslag som kan påklagast etter offentlighetslova §32 første ledd, jf. offl. §32 andre ledd første punktum, §32 tredje ledd og forvaltningslova (fvl.) §28 første ledd.

Sakshandsamar for innsynførespurnad har i klageomgangen opplyst til avdeling Miljø og tilsyn at oversitta frist på innsynførespurnad beror på ein inkurie. Restansen vart gløymt. Å gløyme innsynførespurnader er ikkje uttrykk for vanleg praksis i kommunen.

Alver kommune beklagar denne feilen.

Vurdering:

Utgangspunktet er at avslaget på kravet om innsyn etter offentlegheitslova ikkje er ansett å verer eit enkeltvedtak i forvaltningslovens forstand, se blant annet NOU 2003: 30 side 235¹.

Offentlegheitslova (offl.) § 32 gir kun rett til å klage over *avslag* på innsyn, og det er ikkje adgang til å klage over at det er gjeve innsyn. I forarbeida til offentlegheitslova vert det framheva at det kan vere gode grunner for å innføre ein klagerett når det gis innsyn, men at det kan være praktisk vanskeleg å gjennomføre i praksis med varsling av dei som har interesse og at skaden allereie kan ha skjedd.²

I vår sak er klagar gjeve innsyn i samtlige etterspurde dokument i vedtak den 15.01.2021 i sak 20/997. Når klagar er gjeve innsyn i samtlige etterspurde dokument i vedtak den 15.01.2021 i sak 20/997, så er klagar gjeve fullt medhald i sin klage. Det er ikkje mogleg å klage over at det er gjeve innsyn, jf. offl. §32.

På denne bakgrunn vert klagesaka avslutta.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inge Østergaard	Østliveien 32	1389	HEGGEDAL
-----------------	---------------	------	----------

Mottakarar:

Inge Østergaard	Østliveien 32	1389	HEGGEDAL
-----------------	---------------	------	----------

¹ NOU 2003: 30 side 235 og tolkninguttale frå KMD av 19.01.2022

² Ot.prp. nr. 102 (2004–2005) side 104